https://www.regionaleforskningsfond.no/vestland/aktuelt/nyheiter/2020/lyser-ut-9-millionar-til-forprosjekt/

Lyser ut 9 millionar til forprosjekt

Forsking for auka verdiskaping i Vestland. Regionalt forskingsfond Vestland skal lyse ut 9 millionar kroner til forprosjekt. Utlysinga vil vere klar måndag 4. mai og fondet lovar rask saksbehandling.

PUBLISERT 21. APR. 2020

Styret for regionalt forskingsfond Vestland har vedteke å lyse ut 9 millionar kronar til forprosjekt i 2020.

Utlysinga retta mot dei utfordringar og behov som næringsliv og kommunal sektor i fylket sjølve opplever som relevante, innafor breie tematiske tema.

Forprosjekta skal vere eit innleiande forskingsarbeid som bidreg til å utvikle eit større forskings- og utviklingsprosjekt. Prosjekta skal støtte opp under innovasjon og verdiskaping i næringsliv eller kommunal sektor.

Forprosjekt kan også verte nytta til å legge grunnlag for søknadar om kompetanse- og samarbeidsprosjekt, som skal utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som samfunnet eller næringslivet treng for å møte viktige samfunnsutfordringar. Søknadstypen føreset samarbeid mellom forskingsmiljø og relevante aktørar utanfor forskingssektoren, avhengig av utlysingstema.

I prosjekta skal ein avklare kunnskapsspørsmål som er kritiske for å etablere solide forskings- og utviklingsprosjekt, som kan nå opp i konkurranse om midlar frå regionale, nasjonale eller internasjonale ordningar. Det er til dømes regionale forskingsfond, Forskingsrådet og Horisont Europa.

- Forsking er eit kraftfullt verkemiddel for auka innovasjonskraft og verdiskaping i Vestland fylke, seier styreleiar og fylkesordførar Jon Askeland. Vi har valt å gå breitt ut tematisk og gi moglegheiter for bedrifter, kommunal sektor og forskingsorganisasjonar i fylket til å søkje. Styret trur at vi med dette kan stimulere til gode initiativ og samarbeid om viktige problemstillingar.

Det er mogleg å søkje mellom 200.000 og 500.00 kroner i støtte. Fondet nyttar statsstøtteregelverket fullt ut og kan dekke inntil 70% av kostnadene i eit prosjekt.

Utlysinga vil vere løpande og ein kan vente svar innan 20 virkedagar.

Dato for tidlegaste prosjektstart vil verte informert om i utlysinga.

Litt meir informasjon om utlysinga som kjem:

- Utlysinga dekker alle dei prioriterte forskingstema for fondet.
- Bedrifter i Vestland kan søkje om førebuing til innovasjonsprosjekt i næringslivet
  - Dersom store bedrifter søkjar, må dei ha samarbeid med minst ein SMB-bedrift i Vestland fylke.
  - Prosjektansvarleg kan óg vere samanslutningar, til dømes foreining, organisasjon eller samskipnad av bedrifter. Det er krav til organisasjonsnummer.
  - Søknaden må dokumentere forskingskompetanse i prosjektet, i egen bedrift og/eller samarbeidsbedrift, eller gjennom innkjøp fra forskingsorganisasjon som institutt, høgskule, universitet. Det er ikkje krav til at forskingsorganisasjonen er lokalisert i Vestland.
  - Eigeninnsats i prosjektet må vere privat.
- Kommunale organisasjonar i Vestland, inkludert interkommunale samarbeidsorganisasjonar/verksemder og fylkeskommunen, kan søkje om førebuing til innovasjonsprosjekt i kommunal sektor
  - Kommunar må samarbeide med minst ein annan kommune, i tillegg til ein godkjend forskingsorganisasjon. Det er ikkje krav til at forskingsorganisasjonen er lokalisert i Vestland.
- Godkjende forskingsorganisasjonar i Vestland kan søkje om førebuing til innovasjonsprosjekt i bedrift eller kommunal sektor
  - Det er krav om formelt samarbeide med ei bedrift eller kommunar, som kan vere prosjektansvarleg for det påfølgande større forskings- og utviklingsprosjektet
  - Statsstøtteregelverket om maksimal støtte på 70% til føretak gjeld også her
- Godkjende forskingsorganisasjonar kan også søkje om førebuing til kompetanse- og samarbeidsprosjekt i Forskingsrådet, evt. RFF Vestland dersom det kjem seinare
- Forprosjekt kan også nyttast til førebuing til innovasjonsprosjekt i Horisont Europa eller tilsvarande ordningar.

Fullstendig utlysing vil vere på plass 4. mai, men det vil bli lagt ut meir informasjon på denne nettsida før det.

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.